

# Definisjonar av fagtermar i NSH I

I parentes etter termen står synonym til oppslagsordet. Parallelformer (også mellom bokmål og nynorsk) er ført opp som eigne oppslag der formene kjem på ulike stadar ved alfabetisering. Teiknet ► framom termar inne i forklaringane markerer at den aktuelle termen òg står med eige oppslag, som det kan vere nyttig å jamføre med. Stikkordregisteret opplyser kvar termene er brukt i denne boka.

**adverbial:** Setningsledd som modifiserer heile setninga (setningsadverbial) eller eit anna ledd, gjerne hovudverbet (verbaladverbial), vanlegvis realisert som adverb, preposisjonsfrase eller leddsetning.

**affiks:** Morfologisk element som uttrykker grammatisk betydning, og som ikkje er ein stamme, f.eks. *-de* i *køyrd* (preteritum av verbet *køyre*).

**agentivt subjekt:** Subjekt som uttrykker agens (►patiens), dvs. kven som utfører verbalhandlinga.

**agglutinering:** "Samanliming". I agglutinerande språk er det vanleg at morfologiske tilhøve blir uttrykt gjennom klart avgrensa ►affiks, f.eks. i gno. *hestarnir* 'hestane' med ►sufifiksa *-ar* (flt.) og *-nir* (best.), og i moderne dialektar på same måten i f.eks. *hestane* eller *hestan* med *-a* (flt.) og *-n* eller *-ne* (best.).

**agitasjon:** Uro, opphissing, oppegging, særleg av politisk art, som i *valagitasjon*.

**akkusativ med infinitiv:** Objektsinfinitiv, f.eks. *henne komme* i *De lot henne komme*, med objekt i akkusativ + infinitiv.

**akustikk:** Den delen av fonetikken som studerer svingingar, styrke og lengd i lydbølgene, og som interesserer seg for persepsjonen gjennom øyret.

**alfabetisering:** Opplæring i lesing og skriving.

**allofon:** Realisasjonstype av eitt og same fonem, ofte i ►komplementær distribusjon, som når fonemet /e/ i mange dialektar har realisasjonen [e:] som lang, [ɛ] som kort, men [æ:] som lang framom /r/ og ►retroflekse konsonantar; jf. *sete*, *sekk*, *her*.

**allomorfi:** Formvariasjon, f.eks. mellom *mann* (eintal) og *menn* (fleirtal), mellom /lo:v/ og /lo:f-/ i /lo:fte/ (bøyingsformer av verbet *love*).

**alveolar:** Språklyd som blir artikulert med tungespissen eller tungebladet mot alveoli, dvs. kammen bak tennene i overmunnen der den harde ganen begynner.

**analogi:** Ei endring der eit ord sluttar å følge eitt mønster og i staden begynner å følge eit anna (og oftast sterkare) mønster. Rammar ofte enkeltord, som da det gno. sterke verbet *flå* fekk svak bøyning etter mønster av den svake nå-klassen.

**analytisk språk:** Språk med lite böying av ord (►syntetisk språk).

**antesedent:** Setningsledd som eit pronomen eller ►determinativ er koreferent med, og som dermed gir innhald til pronomenet eller determinativet. Vanlegast er det at antesedenten står først.

**apikal:** Lyd som blir artikulert ved hjelp av tungespissen. Eit eksempel er tungespiss-r i austnorsk, der tungespissen normalt slår raskt mot alveoli; ►koronal. (Lat. *apex* ‘tungespiss’).

**apokope:** Bortfall av kort vokal i åpen endestaving som når gno. *kasta* inf. blir til *kast* i nordlandsk og trøndersk; ►synkope.

**approksimant:** Den typen ►sonorant som er mest lik vokalar. Den viktigaste fonetiske approksimanten i norsk er ►labiodental [v], som blir artikulert med svært laus kontakt mellom tenner og underleppe.

**argument:** Utfylling til ord eller ledd. Til dømes deler verbet *kasta* ut rolla ►patiens til substantivet *ballen* i *han kastar ballen*, og *ballen* er da argument til verbet *kasta*.

**artikulasjon:** Uttales, dvs. korleis taleorganene formar lydsignalet.

**arveord:** Ord som har funnest i eit språk så langt tilbake ein kan rekonstruere tidlegare språkstadium.

**assimilasjon:** Ei endring der eit segment blir forandra under påverknad frå eit anna segment, slik at det blir meir likt det, som f.eks. gno. *regn* /regn/ som blir til /rejn/ i austnorsk, der den stemte ►dorsale plosiven er blitt endra til dorsal ►nasal framom nasalen /n/. Nærassimilasjon, når segmentet som påverkar og segmentet som blir påverka, er naboar, elles fjernassimilasjon. Progressiv assimilasjon når segmentet som påverkar, kjem før segmentet som blir påverka, jf. den gammalnorske ►vokalharmoenien. Motsett: regressiv assimilasjon, som f.eks. i ►omlydane.

**asyndese:** Sideordning utan konjunksjon mellom dei sideordna einingane.

**attributt:** Ord (eller ►frase) som bestemmer eller beskriv eit anna ord (kjerne). Både attributt og kjerne er del av same frasen. I frasen *ei ny språkhistorie* er både *ei* og *ny* attributt. Dei står attributivt til kjernen *språkhistorie*. Ei beskriving kan også stå som predikativ.

**avleiring:** Ordlagingsprosess som med utgangspunkt i eitt eksisterande ►leksem lagar eit nytt leksem. Vi skil mellom segmental avleiring, som inneber tillegg av eit ►affiks (f.eks. *u-* + *fin* → *ufin*, *artig* + *-heit* → *artigkeit*), og ikkje-segmental avleiring (f.eks. *kasta* v. → *kast* n.).

**base:** Det samansette substantivet *hestehale* er laga med utgangspunkt i dei to substantiva *hest* og *hale*. Vi seier at dei fungerer som basar i samansettingsprosessen.

**bestemtheit:** I norsk kan substantiv böyast i bestemtheit, jf. *bok* (ubest.) mot *boka* (best.), *gutar* (ubest.) mot *gutane* (best.). Om talaren vel å bruke bestemt form, signaliserer det gjerne at han antar tilhøyraren veit kva for referent (kva for *bok/gutar*) talaren siktar til. Også adjektiv blir böygd i bestemtheit.

**bydesetning (imperativsetning):** ►Heilsetning med verb i imperativ, som blir nytta til å påverke nokon eller endre noko: *Hels på kongen!*

**bølgemønster:** Når ei språkendring spreier seg ved at eit språkdrag går frå éin dialekt til nabodialektane og dermed dekker eit samanhengande område; ►sentrumshopp.

**bøyning:** Den delen av morfologien som ein ikkje lagar nye ord (leksem) med, men (bøyings-)former av allereie eksisterande ord ved hjelp av bøyningssuffix, f.eks. formene *dansar* og *dansa* av verbet *danse*.

**bøyingskategori:** Grammatisk kategori, sett av gjensidig utelukkande grammatiske trekk, f.eks. numerus/tal (ved substantiv), ▶tempus (ved verb), ▶genus (ved adjektiv).

**bøyingsklasse:** Klasse av ord (leksem) som blir bøygd likt. Verba *skrive* og *skrike* blir bøygd likt; dei har einstava form og vokalskifte i preteritum (*skreiv*, *skreik*), og derfor høyrer dei til same bøyingsklassen.

**dativ med infinitiv:** Objektsinfinitiv med objekt i dativ + infinitiv.

**degrammatikalisering:** Endring av statusen til eit språkleg element frå å ha grammatisk funksjon til å få meir eller mindre leksikalsk innhald (▶grammatikalisering).

**deliberasjon:** Grundig, open og kritisk rådslaging eller drøfting; meiningsutveksling der deltakarane kjenner seg plikta til å grunngi oppfatningane sine og lytte til motargument.

**determinativ (1):** Ordklasse, "bestemmarord", f.eks. *den* i *Kåre køyrede den nye bilen*. Tidlegare har ein rekna mange av determinativa som pronomen.

**determinativ (2):** Det samansetningsleddet (den ▶basen) som avgrensar nærmare betydninga i det andre leddet, f.eks. bestemmer *gul* kva type ost *gulost* er; ▶kopulativ.

**diakron:** Som beskriv endring over tid eller i historisk perspektiv; ▶synkron.

**differensiasjon:** Når den artikulatoriske avstanden mellom to konsonantar i ei konsonantgruppe aukar, f.eks. når gno. *nafn* /navn/ blir til /nabn/ i sørvestlandsk.

**diplom:** Mellomalderbrev (-dokument). Dei aller fleste er rettslege aktstykke, og dei er sett opp etter faste mønster.

**direkte objekt:** Det ▶objektet som blir mest direkte ramma av den handlinga eller prosessen som hovudverbet uttrykker, i eldre norsk vanlegvis i akkusativ. Når det er to objekt i setninga, er det direkte objektet i moderne norsk plassert sist av dei to når dei står samla (▶indirekte objekt).

**disjunktiv konstruksjon:** Grammatisk konstruksjon som bind saman ledd som er jamstilt, men som logisk stenger kvarandre ute. (*Eller* er ein disjunktiv konjunksjon.)

**distinktiv trekk/drag:** Fonetisk trekk som kan skilje mellom ordbetydninga og dermed etablere ▶fonem, f.eks. runding, nasalitet og vokalhøgd.

**dorsal:** Konsonant som blir artikulert ved at tungeryggen blir heva mot den mjuke ganen (velum), enten som fullt stenge, f.eks. ved [k], eller som ▶frikativ, ved f.eks. [x]; ▶velar. (Lat. *dorsum* 'rygg').

**dublering:** Oppattaking av eit ord eller ledd, f.eks. adverbial. I setninga *Dermed så var det slutt* er *så* ei oppattaking av adverbialet *dermed*.

**egentleg samansetting:** ▶primær samansetting.

**ekspletiv partikkel:** Partikkel, dvs. ubøygeleg ord, med først og fremst den funksjon å fylle ein plass i setninga, f.eks. *det* som ▶formelt subjekt.

**eksterndistributiv:** Semantisk rolle (eller funksjon) som uttrykker at noko(n) er fordelt på N, men ikkje i form av N, f.eks. *fylkesvis*, der N er uttrykt i leddet *fylke*; ▶interndistributiv.

**eksternspråkleg:** ▶utomspråkleg.

**ekstraponering:** Plassering av eit setningsledd utanfor den eigentlege setningsstrukturen, enten framfor andre ledd først i setninga eller bak andre ledd sist i setninga (►topikalialisering).

**ekstraposisjon:** Felt for ekstraponerte setningsledd.

**ekte samansetting:** ►primær samansetting.

**enklitisk:** Etterhengt klitisk; ►klitikon. I austlandsmål *Je har'n* er 'n enklitisk.

**epentese:** Innskott av ein ekstralyd, f.eks. svarabhaktivokalen [ə] i moderne ordformer som *bøker* og *våpen*, som er utvikla frå gno. *bókr* og *vápn*.

**erstatningsforlenging:** Når eit postvokalt segment fell bort, kan tapet av lydmasse i ordet bli kompensert ved at vokalen framom blir forlengt, f.eks. når urnordisk *gans* mista *nasalen* og fekk forlengt vokalen, jf. gno. *gás*.

**essivisk:** Semantisk rolle (eller funksjon) som uttrykker at noko(n) har ei viss rolle eller funksjon. I *Han jobbar som sjukepleiar* har *som sjukepleiar* essivisk rolle.

**etymologi:** Studiet av opphavet til ord, utviklinga av ord i form og tyding, og slektskap mellom ord.

**felt:** Delar av eit feltskjema med plassar for ulike typar ledd (i setningsskjema: ►forbindarfelt, ►forfelt, ►midtfelt, ►sluttfelt, ►ekstraposisjon).

**feltskjema:** Skjema som viser rekkefølga på setningsledda i ei setning eller orda i eit setningsledd.

**flytande kvantor:** Kvantor som kan stå utanfor det setningsleddet han høyrer til, f.eks. i *Barna gjekk begge i barnehage*; ►kvantorflytting.

**folkeleg stil:** Norrøn uttrykksmåte som blir rekna for å ha rot i talemålet og munnleg fortelje- og rettstradisjon med bl.a. forholdsvis enkel setningsoppbygging (►lærd stil).

**fonem:** Minste betydningsskiljande lydeininga i språket, f.eks. er /p/ og /b/ ulike fonem pga. at /pi:l/ og /bi:l/ har ulik betydning.

**fonemisering:** Prosess der ein språklyd går over frå å vere ein ►allofon av eit bestemt ►fonem til å bli eit eige fonem.

**fonologisk regel:** Regel som beskriv a) ►synkrone fonologiske alternasjonar mellom ulike og normalt ►komplementært distribuerte lydverdiar, og b) vilkåra som alternantane førekjem under, f.eks. alternasjonen mellom [g] i [styg] adj. 'stygg' og [k] i [stykt] adj. n. 'stygt', der siste alternanten står framfor ustemt ►obstruent.

**fonotaks:** Studiet av prinsippa som styrer korleis ►fonem i eit språk kan settast saman til stavningar (►stavingsstruktur) og ord.

**forbindarfelt:** Felt for subjunksjonar i ►leddsetningar.

**forenkling (grammatisk/språkleg/strukturell forenkling):** Når lydnyansar (►allofonar og ►fonem), endingsalternativ (allomorfar; ►allomorfi) eller redundante drag (f.eks. ►samsvarbøyinger) fell bort.

**forfelt:** Felt i setningsskjema for topikaliserete setningsledd i ►heilsetningar.

**formelt subjekt:** Innhaldstomt ord, oftast *det*, men også *der* i visse konstruksjonar, som fyller subjektspllassen.

**forteljesetning** (forteljande heilsetning, bm. *fortellende setning* eller *utsagnssetning*): ►Heilsetning som uttrykker ein påstand: *Kongen levde lenge*.

**fot:** Rytmisk gruppering av stavningar som består av éi trykkstaving og normalt éi eller fleire stavningar utan trykk, f.eks. troké (ei trykkstaving pluss ei staving utan trykk) og jambe (ei staving utan trykk pluss ei trykkstaving); ►stavingsvekt.

**framandord** (bm. *fremmedord*): ►Låndord som skil seg ut gjennom framand uttale, framande ordelement eller framand skrivemåte.

**frase:** Ord som hører syntaktisk saman ved at eine ordet er overordna det/dei andre.

**fremmedord:** ►framandord.

**frikativ:** Lyd som blir artikulert ved at luftstraumen frå lungene blir pressa gjennom ein trøng opning i artikulasjonskanalen slik at det oppstår høyrande turbulens, f.eks. /f/ (►labiodental artikulasjon) og /s/ (►alveolar artikulasjon).

**fuge(element):** Element som finst mellom føre- og etterledd i samansetningar, men som ikkje er del av ►stammen til nokon av ►basane (ledda). I norsk er særleg -s- og -e- nytta som fugeelement, f.eks. *universitetsfag* og *pennestrøk*.

**funksjonsord** (*grammatisk ord*): Ord som har grammatiske funksjon, f.eks. *men*, som bind saman motsetningar; ►innhaldsord.

**førstespråk** (*morsmål*): Det språket ein lærer å meistre på naturleg måte før ►språklæringsteskelen.

**genitiv med infinitiv:** ►Objektsinfinitiv med objekt i genitiv + infinitiv.

**genus:** Klasse av substantiv som viser seg i forma på tilhøyrande ord. I norsk er det tradisjonelt tre genus: maskulinum/hankjønn, femininum/hokkjønn og nøytrum/inkjekjønn. Det viser seg blant anna ved adjektiv, ►determinativ og pronomen. Jamfør:

*Kari kjøpte ein liten bil. Han var fin.*

*Kari kjøpte ei lita bok. Ho var keisam.*

*Kari kjøpte eit lite hus. Det var ikkje fint.*

Mens genus kan reknast som bøyingskategori ved adjektivet i norsk, er genus ein fast eigenskap ved substantiv.

**gradbøying:** I norsk kan adjektiv gradbøyast, f.eks. *tjukk – tjukkare – tjukkast*, og slik gradbøying er typisk knytt til samanlikning (komparasjon), som i *ordboka er tjukkare enn avisā*; ►positiv, ►komparativ, ►superlativ.

**grammatikalisering:** Utvikling der ►leksikalske element blir grammatiske (eller mindre grammatiske element blir meir grammatiske), f.eks. slik at eit ord i visse kontekstar blir til eit ►suffiks. (Suffikset *-vis* er f.eks. utvikla av substantivet *vis*.) ►degrammatikalisering.

**grammatisk forenkling:** ►forenkling.

**grammatisk kompetanse:** Evna til å meistre dei grammatiske reglane og strukturane i eit språk.

**grammatisk ord:** ►funksjonsord.

**grunnleggjarprinsippet:** At dei første som bur på ein stad med stor tilflytting, innverkar meir på det nye fellesspråket (►koinéen) som veks fram, enn det talet på dei skulle tilseie (eng.: *the founder principle*).

**handlings(pluskvam)perfektum:** Perfektum (eller pluskvamperfektum) med *ha* som hjelpeverb og dermed med framheving av sjølve handlinga som hovudverbet uttrykker: *De har (hadde) kommet*; ►tilstands(pluskvam)perfektum. (Faarlund mfl. 1997 brukar termen *preteritum perfektum* i staden for *pluskvamperfektum*.)

**hegemoni:** Dominansforhold der den dominerande har definisjonsmakt og den dominerte godtar i praksis perspektivet og dei kulturelle verdiane åt den dominerande.

**heilstetting:** ►Setning som ikkje er del av ei anna setning (undertypar: ►forteljesetning, ►spørjesetning, ►ønskesetning og ►byde-/imperativsetning).

**hierarkisk struktur:** Kombinasjon av ord til frasar og setningsledd på eit høgare nivå og av setningsledda til ei setning på øvste nivået (►lineær struktur). Kan òg brukast i fonologien om kombinasjonar av lydar.

**homilie:** Preike, gjerne overlevert i preikesamlingar, såkalla homiliebøker.

**homorgan artikulasjon:** Når to eller fleire nabokonsonantar deler artikulasjonsstad, f.eks. dei tre konsonantane først i ordet *strek* i dialektar med tungespiss-r.

**hovudbase:** Den *basen* i ei ►samansetning som bestemmer dei morfosyntaktiske eigenskapane til samansettingsproduktet, f.eks. *dør* i *bildør*.

**hv-framflytting:** ►kv-framflytting.

**hv-spørsmål:** ►kv-spørsmål.

**identitet:** Oppfatning av kven ein er, definert ut frå ein sjølv og andre; ►personleg identitet, ►sosial identitet.

**ikkje-konfigurasjonelt språk** (bm. *ikke-konfigurasjonelt språk*): Språk der setninga har ein flat struktur ettersom orda ikkje er knytt saman til setningsledd på eit høgare nivå (►konfigurasjonelt språk).

**imperativ:** Bydeforma av verbet, f.eks. *sitt* i *Sitt stille, barn!* ►modus.

**imperativsetning:** ►bydesetning.

**importord:** Samlenemning for ►framord og ►lånord.

**indikativ:** Verbform som verken er ►imperativ eller ►konjunktiv. I *barna sitter stille* er f.eks. *sitter* indikativ (pres.); ►modus.

**indirekte forteljesetning:** Forteljande leddsetning som uttrykker ein påstand: *De sa [at kongen levde lenge]*.

**indirekte objekt:** I setningar med to ►objekt gjeld omgrepene det objektet som normalt uttrykker kven verbalhandlinga skjer til gagn eller skade for, i eldre norsk oftast i dativ, i moderne norsk plassert først av dei to objekta når dei står samla; ►direkte objekt.

**indirekte spørjesetning:** Leddsetning som uttrykker spørsmål: *De spurte [om kongen levde lenge], De spurte [hvem som levde lenge]*.

**inkoativ:** Verb som uttrykker starten på ei handling eller overgangen til ein annan tilstand, f.eks. *sovna* og *gulna*.

**innhaldsord:** Ord som har berre semantisk innhald, f.eks. *bil* – i motsetning til ►funksjonsord.

**innomspråkleg (internspråkleg):** Det som er del av språket, særleg om språkstrukturen (grammatikken).

**innovasjon:** Nylaging, at eit nytt språkleg fenomen oppstår.

**internalisere:** Å lære språklege mønster slik at dei går inn i den automatiserte språkprosesseringa – gjerne utan at ein er bevisst om det.

**interndistributiv:** Semantisk rolle (eller funksjon) som uttrykker at noko(n) er fordelt på og i form av N, f.eks. *gruppevis*, der N er uttykt i leddet *gruppe*; ►eksterndistributiv.

**internspråkleg:** ►innomspråkleg.

**intonasjon (setningsmelodi):** Ulike tonegangsmønster som blir brukt først og fremst til å signalisere kva for delar av ei ytring som er viktig, f.eks. ny informasjon eller fokusert informasjon, og kva som utgjer bakgrunnen ved å vere gitt informasjon.

**intransitivt verb:** Verb som ikkje kan knyte til seg objekt, f.eks. *å bu*; det motsette er ►transitivt verb.

**kansellistil:** Departementsstil; formelt, høgtidleg språk som er prega av innfløkte setningar, ofte med partisippformer, substantiveringar og mange innskott.

**kasus:** Bøyingskategori ved pronomen (i all norsk), i norrønt også ved substantiv og adjektiv, som indikerer relasjonen mellom eit ▶nominalt ledd og det ledet som det nominale ledet er avhengig av. I f.eks. *Du ser meg* indikerer forma på det ▶nominale ledet *meg* – objektsform (akkusativ) – at vi har å gjere med eit underordna ledd.

**kjerneposisjon:** ▶X-bar-struktur.

**klitikon:** Element som har status “mellan” ord og ▶affiks, ofte som setningsledd i syntaksen, mens dei er liksom affiks ved at dei ikkje kan ha ▶trykk. Jamfør austlandsk *je ser'n*, der klitikonet *'n* er objekt i setninga, men ikkje kan ha trykk.

**kløyvd infinitiv:** Infinitivane er “kløyvd” i to grupper ved at dei har to ulike endingar, i austlandsk *-a* (*eta, vera*) og *-e* (*syng, danse*).

**kognitiv grammatikk:** Grammatisk retning som hentar forklaringane sine frå korleis kognisjonen verkar.

**koiné:** Språk som veks fram i eit nytt samfunn som produktet av ei blanding av fleire språk som kom til samfunnet.

**komparativ:** Trekk i den grammatiske kategorien grad; bøyingsform av adjektiv og adverb, f.eks. *snillare* av *snill*; ▶gradbøyning.

**komplement:** ▶X-bar-struktur.

**komplementær distribusjon:** Når to lydar ikkje kan stå i same lydlege omgivnadane, dvs. at dei heller ikkje kan representere ulike ▶fonem; ▶allofon. Kan òg brukast i morfologien om f.eks. allomorfar (▶allomorfi) som er knytt til ulike klassar, men representerer same ▶morfem.

**konfigurasjonelt språk:** Språk der ord og setningsledd utgjer ein ▶hierarkisk struktur; ▶ikkje-konfigurasjonelt språk.

**kongruens (samsvarsbøyning):** At eit ord i visse posisjonar viser samsvar med eit anna ord eller ledd, f.eks. at det finitte verbet står i same tal og person som subjektet, eller at predikativet viser same tal og kjønn som subjektet.

**konjunktiv:** Trekk i den grammatiske kategorien ▶modus; bøyingsform av verbet som signaliserer usikkerheit, ønske (også kjent som optativ), f.eks. *Leve kongen!*

**konnektiv inversjon (narrativ inversjon):** Leddstilling med det finitte verbet på første plass i ei forteljesetning med uttrykt subjekt.

**kontrollinfinitiv:** Infinititt leddsetning med ▶PRO som subjekt som får innhald ved å vere koreferent (▶koreferanse) med subjektet (subjektskontroll) eller objektet (objektskontroll) i den overordna setninga: *Adam<sub>i</sub> lovde Eva [å PRO<sub>i</sub> spise eplet]*, *Adam forbød Eva<sub>i</sub> [å PRO<sub>i</sub> spise eplet]*.

**kopulativ:** Den typen av ikkje-reksjonell samansetting der begge ledda (▶basane) bidreg like mykje til innhaldet i samansettingsproduktet, f.eks. *klokkeradio*; ▶determinativ (2), ▶reksjonell samansetting.

**koreferanse:** At to setningsledd har same innhald ved at dei viser til same gjenstand eller saksforhold.

**koronal:** Konsonant som blir artikulert ved hjelp av ei innsnevring mellom den fremre delen av tunga og den harde ganen. Koronalar blir vidare klassifisert i ▶apikaler og ▶laminaler. (Lat. *corona* ‘topp’.) (Mens termen koronal viser til fremre delen av tunga

som aktiv artikulator, viser f.eks. termen ►alveolar til eit mindre område av den korresponderande passive artikulatoren.)

**korrelat:** Setningsleddet som ei relativsetning er knytt til.

**kort staving:** ►lett staving.

**kreolspråk:** Eit blandingsspråk blitt til i ein kontaktsituasjon der folk med ulike språk har måtta kommunisere med kvarandre, og der det nye kontaktspråket er vidareutvikla frå å vere eit ►pidginspråk til å bli eit fullt utbygd ►førstespråk.

**kulturkontekst:** Den abstrakte og generelle, men historisk bestemte omgivnaden som kan prege ein tekst, f.eks. sosiale og kulturelle normer, tankemønster og konvensjonar for tekstuformning (altså sjangermønster); ►situasjonskontekst.

**kvantitet:** Lengd og tyngd, om korte vs. lange vokalar og konsonantar (►geminering) og korte vs. lange stavingar. (Kort staving inneheld ein kort vokal ev. supplert med ein kort konsonant.) Også omtalt som ►lett og ►tung staving; ►stavingsvekt.

**kvantorflytting:** Utflytting av ein kvantor frå resten av setningsleddet han høyrer til, slik at vi får ein ►flytande kvantor, f.eks. i *Begge barna gikk i barnehage*, som også kan heite *Barna gikk begge i barnehage*.

**kv-framflytting** (bm. *hv-framflytting*): Framflytting av eit såkalla kv-ord, dvs. eit pronomen eller eit ►determinativ som i nynorsk begynner med *kv*: *Dei spurde [kven; som t<sub>i</sub> kom], Han spurde [[kva bil]i ho hadde kjøpt t<sub>j</sub>] (om t<sub>j</sub>, ►spor).*

**kv-spørsmål** (bm. *hv-spørsmål*): Spørjesetning innleidd med eit kv-ord (►kv-framflytting).

**labial:** Lyd artikulert ved hjelp av leppene, f.eks. dei bilabiale ►plosivane [p, b], den ►labiodentale frikativen [f] og den labiodentale ►approksimanten [v].

**labialisering:** Lepperunding, både i vokalar og i konsonantar.

**labiodental:** Lyd artikulert med tenner mot leppe.

**laminal:** Lyd artikulert ved bruk av tungebladet, f.eks. [s]. (Lat. *lamina* ‘tungeblad’.)

**lang staving:** ►tung staving.

**lateral:** Lyd uttalt ved at tunga dannar eit statisk ►koronalt lukke, mens luftstraumen slepp ut enten på eine sida eller på begge sidene av tungeryggen.

**leddsetning:** Setning som fungerer som setningsledd i ei anna setning – enten med finitt verb (finitt leddsetning): *De hørte [at fuglene sang]*, eller med infinitiv (infinitiv leddsetning): *De hørte [fuglene synge]*. (Undertypar er bl.a. ►indirekte forteljesetning, ►indirekte spørjesetning, ►relativsetning, ►samanlikningssetning og ►vilkårssetning.) Setningar som fungerer som del av setningsledd, såkalla leddsetningar, reknar ein også som leddsetningar når ikkje anna er presisert.

**leksem:** Ord i abstrakt forstand, som står for “familien” av bøyingsformer av ordet; kan samanliknast med oppslagsordet i ei ordbok; f.eks. står leksemet *kjøpe* for alle dei bøygde ordformene *kjøpe, kjøper, kjøpte, kjøpt* og *kjøp!*

**leksikalisering (1):** Når eit drag som tidlegare kunne beskrivast med ein regel, går over til å bli ein ikkje lenger føreseileg eigenskap ved eit større eller mindre sett med ord, f.eks. trykkplasseringa når ho ikkje ligg på den regelrette stavinga, som i ordet *allé*.

**leksikalisering (2):** Det at nye ord blir til ved at to sjølvstendige ord som står rett attmed kvarandre i ein syntaktisk konstruksjon, veks i hop, f.eks. er *godtfolk* oppstått av frasen *godt folk*.

**leksikalsk:** Det som gjeld ordforrådet, både om betydning og form. Brukt om det som ikkje kan beskrivast generelt, men som må knytast til enkeltord.

**leksikalsk styrt kasus:** ►Kasus som ikkje er bestemt av den grammatiske funksjonen ledet har i setninga (dvs. ikkje ►strukturell kasus), men av det leksikalske innhaldet til hovudverbet, f.eks. direkte objekt i dativ eller genitiv i staden for i akkusativ: *Hvárir skulu [þeirri eign]<sub>dat</sub> fylgja* ‘Kvar av dei to skal eige denne eigedommen’, *Sva geta þau [þess tima]<sub>gen</sub>* ‘Så gjettar dei den tida’.

**leksikologi:** Studiet av ordforrådet i eit språk, særleg av tyding og strukturelle eigenskapar.

**leksikon (ordføråd):** Strukturert nettverk av leksem og idiomatiske uttrykk. Eit leksikon oppslag inneheld opplysningar om uttale (fonologi), ordklasse og ev. bøyning (morphologi) og korleis ordet kan kombinerast med andre ord (syntaks); ►mentalt leksikon.

**lett staving (kort staving):** Staving som inneheld kort vokal + ev. kort konsonant; ►kvantitet, ►tung staving; ►supertung staving.

**likvid:** Ein overterm som omfattar ►lateralar og r-lydar.

**lineær struktur:** Rekkefølga på orda i eit setningsledd og på setningsledda i ei setning (►hierarkisk struktur). Omgrepene kan også brukast tilsvarende om ►fonem og ►morfem.

**lint substantiv:** ►svakt substantiv.

**logisk subjekt:** ►Nominalt ledd som står i same forhold til ein infinitiv som eit subjekt står i til eit finitt verb: *De hørte [fuglene synge]* = *De hørte [at fuglene sang]*.

**lukkelyd:** ►plosiv og ►nasal.

**lærd stil:** Norrøn uttrykksmåte som er prega av etterlikningar av latin, med bl.a. komplisert setningsoppbygging og retoriske utsmykkingar (►folkeleg stil).

**løftingskonstruksjon:** Konstruksjon der subjektet for verbet i ei leddsetning er gjort til subjekt for verbet i den overordna setninga: *Det ser ut til [at hunden liker barn] → Hunden; ser ut til å t<sub>i</sub>; like barn]* (om t<sub>i</sub>, ►spor).

**lånord:** Ord som er lånt inn frå eit anna språk, men som føyer seg heilt etter strukturen i målspråket; ►framandord.

**markert:** Avvikande, uvanleg.

**mentalt leksikon:** Lageret av leksikalske einingar som ein språkbrukar har, og tydingar og andre eigenskapar knytt til desse einingane; ►leksikon.

**midtfelt:** Felt i setningsskjema som har plassar primært for finitt verb, subjekt og setningsadverbial.

**minimalt par:** To ord med betydningsforskjell som med unntak av éin segmentposisjon er identiske, f.eks. /bille/ ≠ /pille/, som viser at [b] og [p] tilhøyrer ulike ►fonem.

**modifikasjon:** Morfologisk operasjon som ikkje inneber tilføyning av ►affiks, f.eks. preteritumsforma *glei* av verbet *gli*.

**modus:** Grammatisk kategori; ved modus kan talaren signalisere korleis han stiller seg til innhaldet i utsegna. I *Stopp bilen, Eva!* signaliserer talaren ved hjelp av imperativforma *stopp* at det er sterkt ønskeleg at Eva stoppar bilen. I *Rett før midnatt stoppet Eva bilen* blir det derimot ikkje sagt noko om det ønskelege i at Eva hadde stoppa bilen; ►imperativ, ►indikativ, ►konjunktiv.

**morfem:** Eining som har semantisk innhald eller grammatiske funksjon – uttrykt i allo-morfar (►allomorfi).

**morfologisering:** Når ein ►fonologisk regel går over til å bli uttrykk for morfologi, f.eks. når den germanske i-omlyden blir omtolka til eit uttrykk for grammatiske trekk, som når han markerer fleirtal i *menn* (av *mann*).

**morsmål:** ►førstespråk.

**motivasjon:** Eigenskapar ved eit ord som hjelper ein til å gjette f.eks. kva bøyingsklasse det høyrer til, f.eks. at substantivet *gut* har *-ar* i ubestemt fleirtal fordi det høyrer til genus maskulinum.

**movering:** Det å lage feminine substantiv ut frå maskuline. F.eks. kan *elskerinne* seiast å vere laga på basis av *elskar* ved movering, slik som *sjukepleierske* på basis av *sjukepleiar*.

**multimodal:** Som gjeld kombinasjonen av fleire ulike semiotiske uttrykksformer eller modalitetar i tekst eller andre kommunikative uttrykk, f.eks. kombinasjon av verballtekst, foto og musikk.

**narrativ inversjon:** ►konnektiv inversjon.

**nasal:** Konsonant karakterisert av oralt lukke, enten ►labialt, ►koronalt eller ►dorsalt, kombinert med at luftstraumen frå lungene får strøyme fritt ut gjennom nasen.

**nasaliserte vokalar:** Vokalar uttalt med luftstraum som får strøyme uhindra gjennom munnhola, samtidig som luft får strøyme gjennom nasen.

**nominalt ledd:** Setningsledd som kan fungere som bl.a. subjekt og objekt, til vanleg realisert som substantivisk eller pronominalt ledd eller leddsetning.

**normaltalemål:** ►standardtalemål.

**norvagisme:** Innslag av særnorske drag i eit anna språk; oftast aktuelt i samband med eldre tekstar på dansk.

**nullverdig verb:** Verb som ikkje kan eller treng knyte til seg noko ►nominalt ledd bortsett frå eventuelt eit ►formelt subjekt, f.eks. *Det regner*.

**nøytralisering:** Når to lydar som kan kontrastere og skape betydningsforskjell, i ein viss omgivnad likevel ikkje kan det, f.eks. kontrasten mellom stemt og ustembt oral ►lukkelyd (►plosiv) etter /s/, som f.eks. i /spil.le/. Mens /p/ og /b/ kontrasterer bl.a. i framlyd, jf. *pille* mot *bille*, er denne kontrasten ikkje mogleg etter /s/.

**object shift:** ►objektsframflytting utan infinitt.

**objekt:** I eldre norsk eit ►nominalt ledd i oblik form som er med fordi hovudverbet krev det; i moderne norsk eit tilsvarande ledd som har sin normale plass etter det infinitte verbet.

**objektsframflytting med infinitt** (eng. *scrambling*): Framflytting av eit objekt til ein plass framfor eit setningsadverbial i setningar med infinitt verb, f.eks. *Nú vil hann þá kú<sub>DO</sub> eigi lengr leiga* ‘No vil han ikkje lenger leige den kua’; ►objektsframflytting utan infinitt.

**objektsframflytting utan infinitt** (eng. *object shift*): Framflytting av eit objekt til ein plass framfor eit setningsadverbial i setningar utan infinitt verb, f.eks. *De så ham ikke*; ►objektsframflytting med infinitt.

**objektsinfinitiv:** Konstruksjon med objekt + infinitiv som svarar til subjekt og finitt verb i ei leddsetning: *Han så [henne komme] = Han så [at hun kom]*.

**oblike kasus:** Samlenemning for akkusativ, genitiv og dativ.

**oblike ledd:** Ledd i akkusativ, genitiv eller dativ.

**oblikt subjekt** (*subjektaktig oblikt ledd*): Ledd i ►oblik kasus i eldre norsk som svarar til eit subjekt i moderne norsk: *Mik<sub>akk.</sub> dreymir* ‘Eg drøymer’, *Mér<sub>dat.</sub> líkar* ‘Eg likar’.

**obstruent:** Konsonant som blir uttalt med høyrande hindring av luftstraumen; obstruentar blir delt i to hovudtypar: ►plosiver (orale ►lukkelyder) og ►frikativer.

**omlyd:** ►Assimilasjon (oftast fjernassimilasjon) der eit segment som står i ei etterfølgande trykklett staving, påverkar vokalen i ei føregående staving, f.eks. når urnordisk \**barnu* blir til \**børnu* [børnu] (og seinare blir til gno. *børn*).

**omsetjingslån:** Ord som er laga ved at ei framand samansetning er omsett del for del, f.eks. *tele-visjon*, som blir omsett til *fjern-syn*.

**onomasiologi:** Studiet av ord med utgangspunkt i omgrepet.

**operasjonalisere:** Å gjere eit teoretisk omgrep brukande ved innsamling av empirisk materiale; adj.: operasjonelt.

**orddanning:** ►ordlagning.

**ordforråd:** ►leksikon.

**ordlagning (ordanning):** Å lage nye ►leksem med utgangspunkt i eksisterande leksem ved hjelp av ►avleiring og ►samansetting.

**overflatestruktur:** Strukturen til realiserte setningar som vi får etter at flyttingar og ►strykingar har skjedd; ►underliggende struktur.

**OV-leddstilling:** ►SOV-leddstilling.

**palatal:** Lyd uttalt ved at tungeryggen blir heva mot den harde ganen. (Lat. *palatum* 'den harde ganen').

**palatalisering:** Når lyder flyttar artikulasjonsstad til palatum (den harde ganen), som når lange ►koronalar er blitt ►palatale, jf. *mann* > [map], og når ►velarar blir palatalar ved ein assimilasjonsprosess (►assimilasjon) der ein fremre (palatal) vokal, påverkar ein førestilt ►dorsal ►lukkelyd slik at han blir artikulert palatalt, som når gno. /kista/ blir til /çista/.

**paradigme:** Bøyingsmønster, sett av bøyingsformer.

**parataktisk stil:** ►Stil med sideordna ledd, ofte knytt til munnleg og enkel framstillingsform.

**partikkel:** Tradisjonell samlenemning for ►affiks (f.eks. *for-*) og ubøyelige småord av ulike ordklassar, særleg adverb (f.eks. *då*) og preposisjonar (f.eks. *på*).

**patiens:** Ledd som uttrykker kven eller kva verbalhandlinga går ut over (►agentivt subjekt).

**persepsjon:** Oppfatning av dei akustiske signala.

**personleg identitet:** Oppfatning av kva som gjer ein unik, altså annleis enn andre; ►identitet, ►sosial identitet.

**pidginspråk:** Språk utvikla i kontaktsituasjonar der folk med ulike språk må kommunisere med kvarandre, f.eks. i samband med handel.

**plosiv:** Lyd som er karakterisert av fullstendig oralt stenge følgt av ein plosjonsfase, f.eks. /p, t, k/ og /b, d, g/.

**positiv:** "Grunnforma" til adjektivet. I ei setning som *Gro er snill, men Eldbjørg er snillare er snill* positiv, mens *snillare* er komparativ; ►gradbøyning.

**postalveolar:** Språklyd som blir artikulert ved at tungespissen lagar innsnevring bak eller på alveoli (tannkammen).

**potensielt subjekt:** Det ►nominale leddet som uttrykker ny informasjon og har sin opphavlege plass på objektsplassen i ein presenteringskonstruksjon; jf. *en fugl* i *Det har sittet en fugl på taket*.

**praksisfellesskap:** Fellesskap utvikla i gjensidig engasjement og uttrykt gjennom felles måtar å gjere ting på, felles verdiar, felles språkbruk etc.

**predikativ:** Setningsledd som karakteriserer subjektet (subjektspredikativ) eller objektet (objektspredikativ) i ei setning, til vanleg realisert som eit adjektiv eller eit substantivisk ledd; ►attributt.

**prefiks:** ►Affiks som er sett framom stammen, f.eks. *u-* i *ufin*, *be-* i *berøve*.

**preposisjonsfrase:** Setningsledd som består av ein preposisjon pluss ei utfylling (som oftast er eit ►nominalt ledd).

**preposisjonsstranding:** Tilfelle der ein preposisjon står aleine igjen til slutt i setninga etter at det nominalet ledet er flytta fram og ut av ►preposisjonsfrasen: *Den stolen vil ikkje eg sitte i*.

**proprietær artikkel:** Førestilt artikkel til eit særnamn (proprium): *a Kari, n Ola*.

**presentasjon(skultur):** Kommunikasjonssamanheng der den ytre forma til teikna blir rekna som nok i seg sjølv, dvs. slik at den ytre forma skal utgjere både innhald og uttrykk; ►representasjonskultur.

**presenteringssetning:** Setning med ►formelt subjekt, verbal og ►nominalt ledd som uttrykker ny informasjon, på objektsplassen: *Det har sittet en fugl på taket*.

**prestisje:** Det som er allment vurdert til å ha høg sosial verdi, og vurderinga er uttrykt som bevisst svar på spørsmål om nettopp sosial verdi; ►underbevisste haldningar.

**prestisjehierarki:** Rangering av dialektar etter ►prestisje (sosial verdi).

**prestisjespråk:** ►Språkvarietet som det er knytt allmenn høg ►prestisje (sosial status) til i samfunnet; ulikt omgrepet ►standard(tale)mål.

**presupposition:** Føresetnad om at innhaldet i ei setning er kjent for mottakaren.

**primær samansetting (ekte/eigentleg samansetting):** Samansettingstype som er oppstått gjennom ►leksikalisering før framvoksteren av ordbøyning, og der førsteleddet i samansettingsproduktet står i stammeform, f.eks. *vegkryss*; det motsette er ►sekundær samansetting.

**privativ:** Semantisk rolle (eller funksjon) som uttrykker motsetnad eller nekting, f.eks. *u-* i *ulyst* og *uklår*.

**PRO:** Abstrakt pronomen utan lydleg uttrykk som får sitt innhald ved å vere koreferent med eit anna setningsledd: *Hun<sub>1</sub> lovde [å PRO<sub>1</sub>] reparere bilen*.

**proord:** Ord som står i staden for eit anna ord eller setningsledd, særleg proadverb for eit adverb(ial) eller pronomen for eit substantiv (nomen) eller eit ►nominalt ledd; f.eks. *Da kom dei endeleg* der *da* står for adverbialet *i går* i ei setning framom.

**propaganda:** I nyare tid mest brukt om politisk og kommersiell kommunikasjon med det formålet å manipulere systematisk med tankar og følelsar, ofte ved å bruke kraftige og usaklege verkemiddel. I tida med religionskrigar brukta om misjonsarbeidet til den katolske kyrkja. (Av latin *propagare* ‘spreie, breie ut’.)

**pseudopartitivt ledd:** Ledd som det blir opplyst om ei mengd av. Det stod opphavleg i genitiv, men er nå utan markering eller med preposisjon: *pund maltz* = eit *pund (av/med) malt*.

**reduksjon:** Språkendringsprosess der ein fjernar distinksjonar; i f.eks. fonologien der ein fjernar forskjellen på *a*, *u* og *i* ved å la alle få uttalen [e] eller [ə].

**refleksiv:** “Det som verker på seg sjølv”. Ordet (eller suffikset) som fortel at verbhandlinga verkar tilbake på subjektet, som i *angre (seg)*.

**reksjonell samansetting:** Samansettingstype der første ►basen svarar til ei utfylling i ein tilsvarende frase, f.eks. kan *matglad* jamførast med frasen *glad i mat*.

**relativsetning:** Leddsetning som står som ▶attributt til eit substantiv eller pronomen eller sjeldnare eit adverb, og som i moderne norsk må eller kan innleist med subjunksjonen *som*: *jenta [som kjøpte bilen]*, *bilen [(som) jenta kjøpte]*.

**representasjon(skultur):** Kommunikasjonssamanhang der den ytre forma til teikna er rekna som meir eller mindre autentiske uttrykk for ein bakanforliggande realitet (tan-kar og følelsar); ▶presentasjonskultur.

**resumptivt pronomen:** Eit pronomen (eller eit ▶determinativ) som fyller ein plass som normalt er tom, og som er koreferent med eit tidlegare setningsledd: *erklæringar; som det er heilt klart kven dei; er retta mot*.

**retorikk:** (Studiet av) kommunikasjon som handling eller aktivitet som er meint å skape ein verknad. (Opphavleg læra om kunsten å tale overbevisande.)

**retorisk kultur:** Summen av kodane, normene og den underliggende forståinga av verke-legheita som i eit gitt samfunn og ein gitt periode blir lagt til grunn for overbevisande og (politisk) fungerande kommunikasjon.

**retorisk medborgarskap:** At ein meistrar dei kommunikative resursane som skal til for å kunne delta aktivt som myndig, fullt integrert medlem i det politiske fellesskapet.

**retrofleks:** Lyd som blir artikulert ved at tungespissen blir bøygd bakover slik at innsnev-ringa mot ganen blir bak alveoli.

**rot:** ▶Stamme som ikkje kan delast opp vidare morfologisk, f.eks. *spill-* i ▶avleiinga *spiller* og den bøygde ordforma *spilleren*.

**samanlikningssetning:** Leddsetning som bl.a. kan vere knytt til ei gradsmarkering og dermed samanliknar to størrelsar: *Ho er like flink [som han er]*, *Ho er flinkare [enn han er]*.

**samansetting:** Ordagingsprosess der ein set saman to ▶leksem til eit nytt leksem, f.eks. *bus + tak → bustak*.

**samlaging:** Kombinasjon av ▶avleiing og ▶samansetting i ein og same ordagingsprosess, f.eks. *to + rad + -ar → toradar*.

**sammenlikningssetning:** ▶samanlikningssetning.

**sammensetning:** ▶samansetting.

**samsvarsbøyning:** ▶kongruens.

**scrambling:** ▶objektsframflytting med infinitt.

**segmentasjon:** Når ein lang konsonant blir splitta i to delar slik at det oppstår ei konsonantgruppe, jf. gno. *kalla* /kal:a/, som blir til /kadla/ i sørvestlandsk.

**seinmoderniteten:** Den perioden og samfunnsmentaliteten som pregar tida etter at moderniseringa som følgde andre verdskrigen, var over (f.eks. kring 1970); ein periode prega av materiell overflod, globalisering, urbanisering og stor bruk av massemedi-um.

**sekundær samansetting:** Samansettingstype som er oppstått gjennom ▶leksikalisering av substantivfrasar med ▶attributt og kjerne der attributtet står i ein bestemt kasus, aller oftast genitiv, som i *biskupsstofa* f. 'bispestove'.

**semantikk:** Studiet av meiningsinnhald til språklege uttrykk; tydingslære.

**semasiologi:** Studiet av tyding med utgangspunkt i det språklege uttrykket.

**semiotisk modalitet:** Kommunikativ uttrykksmåte som skaper mening innanfor ein gitt situasjon. Eksempel på ulike semiotiske modalitetar kan vere verbalspråk, biletar og musikk.

**semiotisk resurs:** Ulike typar meiningskapande materiale og artefaktar som kan nyttast til kommunikative formål innanfor ein modalitet. For eksempel fungerer utsnitt, synsvinkel, fargar o.m. som semiotiske resursar innanfor bildemodaliteten.

**sentrumshopp:** Den spreiingsmåten at ei språkendring går frå eitt busetnadssentrum til eit anna (utan at område imellom får språkdraget); ►spreiing ved ►bølgemønster.

**setning:** Ytring som normalt inneheld eit subjekt og eit finitt verb.

**setningsledd:** Ei analyseining i ei setning, der eininga har ein viss syntaktisk funksjon i forhold til dei andre setningsledda i setninga, og der eininga står for eit typisk og abstrakt innhald. Eit godt kjennemerke på kva ord som utgjer eit setningsledd, er at dei flyttar saman: *De leste [alle de nye bøkene] [hvert eneste år]* > *[Alle de nye bøkene] leste de hvert eneste år*, *[Hvert eneste år] leste de alle de nye bøkene*. ►subjekt, ►direkte objekt, ►adverbial, ►predikativ.

**setningsmelodi:** ►intonasjon.

**sin-genitiv:** Eigedomsforhold uttrykt ved hjelp av possessivet *sin*: *kongen sitt slott = kongens slott*. (Er også blitt kalla “garpe-genitiv”.)

**situasjonskontekst:** Her- og no-situasjonen; den konkrete partikulære omgivnaden som kan prege ein tekst, f.eks. den fysiske omgivnaden, (relasjonen mellom) kommunikasjons-deltakarane og mediet som teksten blir formidla gjennom; ►kulturkontekst.

**sjanger:** Teksttype som følger eit sett normer for korleis ein skal kommunisere innanfor ein gitt samanheng. Sjangrar er dynamiske størrelsar i kontinuerleg endring.

**sluttfelt:** Felt i setningsskjema som har plassar primært for infinit verb, objekt, predikativ og verbaladverb.

**som-setning:** ►Leddsetning innleidd med subjunksjonen *som*, dvs. først og fremst relativ-setningar og samanlikningssetningar.

**sonorant:** Konsonant som i motsetning til ►obstruentar blir produsert utan høyrande hindring av luftstraumen. (Unntaket er ►frikativ uttale av ►likvidar, og dessutan dei fleste r-lydar.) Sonorantar blir klassifisert vidare i ►nasalar, likvidar og ►approksimantar.

**sosial identitet:** Oppfatning av korleis ein har noko felles med andre i ei sosial gruppe; ►identitet, ►personleg identitet.

**sosialt nettverk:** Kretsen av personar ein har sosial kontakt med; kontakten kan vere ein-sidig eller mangsidig, dvs. vere på ein eller mange sosiale arenaer, og kontakten kan vere gjensidig mellom fleire personar slik at dei kjenner kvarandre og har meir kontakt innover i nettverket enn utover (tett nettverk), eller dei kan mangle slik klynge-struktur (ope nettverk).

**sosiolingvistisk kompetanse:** Evna til å mestre normene for språkleg variasjon i eit samfunn.

**SOV-leddstilling:** Rekkefølga subjekt + objekt og andre ►verbutfyllingar + verb som normal leddstilling, i norsk samanheng mest nyttta om plasseringa av verbutfyllingar framfor eit infinit verb, f.eks. *Han kan ingenting få* (►SVO-leddstilling).

**spesifikator:** ►X-bar-struktur.

**spor:** Grammatisk merke *t* (= trace) som viser kva for plass eit ledd er flytta frå, og som blir knytt til det flytta leddet ved at både det og den tomme plassen er markert med same indeks: *Hjem<sub>i</sub> ville t<sub>i</sub> lære latin?* *Hva<sub>i</sub> ville de lære t<sub>i</sub>?*

**spreiing:** At språkdrag flyttar seg frå eitt språksamfunn til eit anna.

**språkhaldning:** Mønster for å reagere positivt eller negativt på eit språkleg uttrykk, ein språkleg ▶variant eller ▶varietet.

**språkkompetanse:** Kombinasjonen av ▶grammatisk kompetanse og ▶sosiolingvistisk kompetanse.

**språkleg forenkling:** ▶forenkling.

**språkleg varietet:** ▶varietet.

**språklæringsteskelen:** Perioden av livet der ein mistar evna til å lære nye språk/dialektar som ▶morsmål (►førstespråk). Ofte sett til alderen mellom 6 og 14 år.

**språksamfunn:** Eit samfunn som har felles språklege verdiar, dvs. at medlemmane i samfunnet ikkje treng ha felles ▶språkvarietet, men dei sosiale verdiane knytt til språkvariasjonen skal vere einsarta i samfunnet.

**språkvarietet:** ▶varietet.

**spørjesetning:** ▶Heilsetning som normalt blir brukt til å stille spørsmål for å søke informasjon om noko: *Levde kongen lenge? Hvem levde lenge?*

**stamme** (nn. også *stomn*): Delen av eit ord som står att når bøyingsendingar er fjerna, f.eks. *spiller i spilleren*; ▶rot.

**standard(skrift)språk/-mål:** Skriftmål som er kodifisert (og autorisert) til nokså homogen form og brukt til allmenn skriftleg kommunikasjon i storsamfunnet.

**standardtalemål** (*normaltalemål*): Felles talemålsvarietet som det er eit mønster for at folk går over til i visse kommunikasjonssituasjoner og brukar ved sida av sin opphavlege førstedialekt eller i staden for den; ulikt ▶prestisjespråk.

**stavingslengd:** ▶stavingsvekt.

**stavingsstruktur:** Segmentstruktur av (opptakt +) kjerne (+ koda). Kjernen er ein vokal, men kan i somme språk også kan vere ein (stavingsberande) konsonant, jf. uttalen /bo:tŋ/ best. eint. 'båten'. Konsonantane framom kjernen er kalla opptakt, mens ev. konsonantar som følger etter kjernen, er kalla koda. Kjerne + koda blir kalla stavingsrimet. Ei open staving endar på stavingskjernen; ei lukka staving er ei staving med koda.

**stavingsvekt** (*stavingslengd*): ▶Lett, ▶tung eller ▶supertung staving.

**sterkt substantiv:** Substantiv som i moderne norsk ikkje endar på trykklett vokal i grunnforma, f.eks. *bil*; ▶svakt substantiv.

**sterkt verb:** Verb som dannar preteritum utan ▶suffiks, f.eks. *vere* med preteritum *var*; ▶bøyingsklasse.

**stil:** Ein bestemt måte å skrive på, prega av m.a. ordval og syntaks, knytt til visse ▶situasjonskontekstar. Somme stilalar kan vere kopla til visse historiske epokar, f.eks. sagastil og barokk stil.

**stilistisk inversjon:** Leddstilling i leddsetning med anna ledd enn subjektet på ein typisk subjektslass, f.eks. *Dei som heime skulle vere, var ikkje å sjå.*

**stomn:** ▶stamme.

**strukturell forenkling:** ▶forenkling.

**strukturell kasus:** Kasus som er bestemt av den grammatiske funksjonen leddet har i setninga (og ikkje av ▶semantikken i f.eks. verbet), f.eks. nominativ i predikativt ledd: *Viss eg var du, ville eg ha gjort det*; ▶leksikalsk styrt kasus.

**stryking:** Utelating av setningsledd eller ledd-del: *Eva<sub>S</sub> tok eplet, og \_<sub>S</sub>gav det til Adam.*

**subjekt:** I eldre norsk eit nominativsledd som det finitte verbet kongruerer med, i moderne norsk eit ►nominalt ledd som står rett framfor eller rett bak det finitte verbet. Det typiske innhaldet for subjekt i aktivsetningar er at det fortel om kven som utfører handlinga uttrykt i verbalet.

**subjektaktig oblikt ledd:** ►oblikt subjekt.

**subjektskrav:** Krav om at alle setningar med visse unntak skal innehalde eit subjekt.

**suffiks:** ►Affiks som er etterhengt, f.eks. *-er* i verbforma *bøter* og i substantivforma *bøter*.

**superlativ:** Trekk i den grammatiske kategorien grad; bøyingsform av adjektivet og adjektivet; typisk uttrykk for den ytste grad, f.eks. *Av de fem er hun den snilleste*; ►gradbøyning.

**supertung staving:** Ei staving som består av ein lang vokal pluss koda (►stavingsstruktur), eller ein kort vokal pluss lang konsonant; ►lett staving, ►tung staving, ►kvantitet.

**supinum:** Den bøyingsforma av verbet vi finn etter hjelpeverbet *ha*, f.eks. *skote i han har skote*.

**supinumsattraksjon:** Bruk av ►supinum i staden for infinitiv etter ei anna supinumsform: *Æ har hatt mye med han å gjort = Æ har hatt mye med han å gjøre*.

**svakt substantiv** (nn. også *lint substantiv*): Substantiv som i moderne norsk endar på trykkelte vokal i grunnforma, f.eks. *lampe*; ►sterkt substantiv.

**svakt verb:** Verb som lagar preteritum med eit bøyingssuffiks; ►sterkt verb.

**SVO-leddstilling:** Rekkefølga subjekt + verb + objekt og andre ►verbutfyllingar som normal leddstilling; jf. *Han fekk ingen fisk mot Han har ingenting fått*; ►SOV-leddstilling.

**symbolisk verdi:** Sosial og/eller kulturell konnotasjon eller assosiasjon som er knytt til språklege uttrykk som lydar og ord.

**synkope:** Bortfall av kort vokal mellom to konsonantar, dvs. inne i eit ord, f.eks. når urnordisk *gastiR* blir til gno. *gestr*; også om vokalbortfall generelt, slik at ►apokope da blir ei undergruppe av synkope.

**synkretisme:** Formsamanfall, f.eks. mellom ubestemt eintal og ubestemt fleirtal av nøytrumsord: *(et) hus* og *(flere) hus*.

**synkron:** Som beskriv språket på eit visst tidspunkt; ►diakron.

**syntetisk språk:** Språk med relativt mykje bøying av ord; ►analytisk språk.

**tautologi:** Når to eller fleire ord/uttrykk uttrykker det same.

**teiknfrekvens:** Talet på førekommstar av eit ord eller ein lyd; ►typefrekvens.

**tekstkultur:** Kulturell kontekst eller ramme med eit sett av definerte normer for korleis deltarane kan ytre seg, blant anna når det gjeld ordval og ►sjanger. Eksempel på ulike tekstkulturar er pressa, akademia, skolen og helsevesenet.

**tema-rema-konstruksjon:** Konstruksjon der eit ledd utanfor den eigentlege setningsstrukturen introduserer eit nytt tema og den etterfølgande setninga er rema og gir informasjon om dette temaet: *Den nye statsministeren, alle ville hilse på henne*.

**tempus:** Grammatisk kategori som uttrykker tid; i norsk presens og preteritum. (Lat. *tempus* 'tid').

**tilstands(pluskvam)perfektum:** Perfektum (eller pluskvamperfektum) med *vere* som hjelpeverb og dermed med framheving av resultatet av handlinga som hovudverbet uttrykker: *De er (var) kommet*; ►handlings(pluskvam)perfektum. (Faarlund mfl. 1997 brukar termen *preteritum perfektum* i staden for *pluskvamperfektum*.)

**tjukk l:** ►Retrofleks flapp, der tungespissen frå eit tilbakebøygd utgangspunkt blir ført raskt framover, slik at han ein augneblink treffer alveoli og dermed skaper ein momen-tan slaglyd; ►koronal, ►apikal.

**tone:** Grunntoneforløp gjennom ei ytring eller eit ord for å skape språkleg mening; ►into-nasjon, ►tonelagskontrast.

**tonelagskontrast:** Ulike grunntonemønster, eller ordmelodiar, som gir ord ulik mening. Tonelag i norsk og svensk er eit eksempel på dette, jf. eit ►minimalt par som *tank-en* ≠ *tanke-n*.

**topikalisering:** Plassering av eit setningsledd som normalt kjem lenger bak i setninga, rett framfor det finitte verbet, f.eks. *I går ville han ikke gjøre noe*; ►ekstraponering.

**transitivt verb:** Verb som kan eller må knyte til seg objekt, som *å kaste (ball)*; det motset-te er ►intransitivt verb.

**trykk:** Forskjellen mellom prominente og ikkje prominente stavingar i eit ord eller ein ►frase. Ein abstrakt, fonologisk styrkerelasjon mellom stavingar, som kan realiserast fonetisk på ulike måtar i ulike språk; i norsk har trykktung staving meir lydmasse enn ei staving utan trykk, som normalt er lett; ►stavingsvekt. I tillegg brukar vi ►tonen til å signalisere trykk. I norsk kan trykk ha to grader, primærtrykk og sekundærtrykk, der det siste normalt finst i det eller dei ledda i ei samansetning som ikkje har pri-mærtrykket, jf. *sovesofabrosjyre*, der trykkstavinga i *sove-* har primærtrykket, mens trykkstavingane i *-sofa-* og *-brosjyre* får sekundærtrykk. Primærtrykkstavingar er karakterisert av ►tung staving og tonelag, mens sekundærtrykk er særmerkt av berre ►tung staving.

**tung staving (lang staving) (bm. òg stavelse):** Staving som inneholder lang vokal eller kort vokal + lang konsonant eller konsonantsamband. (Eller: Ei open staving med lang vokal som kjerne, eller ei staving med kort vokal og minst ein konsonant som koda; ►stavingsstruktur.) ►kvantitet, ►lett staving, ►supertung staving.

**tydingslån:** Lån der eit eksisterande ord eller uttrykk får ei ny tyding gjennom påverknad frå eit tilsvarende ord i eit anna språk.

**typefrekvens:** Talet på førekommstar av ein struktur eller eit mønster av lydar eller ►mor-fem; ►teiknfrekvens.

**uakkusativt verb:** Verb med eit ikkje-agentivt subjekt (►agentivt subjekt) som har sin opp-havlege plass på ein objektsplass etter verbet, og som kan alternere med eit ►formelt subjekt: *En fugl har kommet fra fengselet = Det har kommet en fugl fra fengselet*.

**underbevisste haldningar:** Haldningar som kjem til uttrykk når ein ikkje er seg bevisst at det er slike haldningar som blir undersøkt.

**underliggende struktur:** Grunnleggande setningsstruktur som er felles for alle setningar av same type, og som er utgangspunkt for dei flyttingane og ►strykingane som gir rea-liserte setningar; ►overflatestruktur.

**upersonleg passivsetning:** Passiv setning med ►formelt subjekt og objektet på sin opp-havlege plass: *Det blei fanga mye fisk*.

**utbrytingskonstruksjon:** Konstruksjon der eit ledd blir sett på som "utbrote" av den opp-havlege setninga og framheva i ei setning med ►formelt subjekt og den opphavlege set-ninga som ei som- eller at-setning: *Eva gav Adam eplet → Det var Eva [som gav Adam eplet], Adam og Eva budde i Eden → Det var i Eden [at Adam og Eva budde]*.

**utomspråkleg (eksternspråkleg):** Det som ikkje er del av det ein refererer til med omgrepet språk; samfunnsmessige og sosiale faktorar.

**utsagnssetning:** ▶forteljesetning.

**V<sub>1</sub>-, V<sub>2</sub>- og V<sub>3</sub>-leddstilling:** Setning med det finitte verbet på høvesvis første, andre og tredje plassen.

**valens:** Eigenskap ved verb som avgjer kor mange og ev. kva slags ledd verbet kan eller må knyte til seg for å kunne danne ei grammatikalsk setning; ▶nullverdig verb, ▶transitivt, ▶intransitivt verb.

**variabel:** Ein språkleg variabel er to eller fleire uttrykksmåtar (= ▶variantar) som har same semantiske innhald (f.eks. *beina*, *beinene*, *bena*, *benene*). Ein sosial variabel er ein sosial kategori med alternative, men kontrasterande eigenskapar, f.eks. kjønn og sosial klasse.

**variant:** Ein verdi (eit alternativ) innom ein ▶variabel.

**varietet (språkleg varietet):** Ein type språkbruk som er særprega av samhøyrande språkdrag. (Det siste vil seie at visse språkdrag føreset kvarande.) Ofte brukt om dialekt eller sosiolekt når omgrepet ikkje skal koplast til geografisk eller sosial variasjon, men kan òg brukast om skriftleg språk.

**velar:** Konsonant som blir artikulert med tungeryggen heva mot den mjuke ganen, enten med fullt lukke, f.eks. [k], eller som ▶frikativ, f.eks. [x]; ▶dorsal. (Lat. *velum* ‘den mjuke ganen’.)


**verbutfylling:** Setningsledd (utanom subjektet) som er knytt til hovudverbet.

**vilkårssetning:** Leddsetning som fungerer som adverbial, og som opplyser om eit vilkår for at saksforholdet uttrykt i ▶heilsetninga skal inntreffe: *Dersom han snubler, setter han ikke verdensrekord.*

**vokal:** Den segmenttypen som er karakterisert av størst opningsgrad i munnhola, dvs. at segmentet ikkje er ▶obstruent, ▶sonorant eller ▶approksimant.

**vokalharmoni:** Eit fonotaktisk krav eller ein ▶fonologisk regel som går ut på at vokalane i eit ord må samsvare med omsyn til eitt eller fleire trekk, f.eks. høgd, fremre–bakre tungestilling eller lepperunding. Ofte er det eigenskapar knytt til vokalen i ei bestemt staving som blir overført til andre vokalar i ordet. I gno. ▶vokalharmoni er det rotvokalen som (progressivt) påverkar endevokalen, mens i ▶omlyd og jamning er det endevokalen som (regressivt) påverkar rotvokalen.

**X-bar-struktur:** Den oppbygginga som ein reknar med at alle setningsledd har:



X er her kjerneposisjonen der det kan stå ord av ulike ordklassar, f.eks. eit verb V eller eit substantiv (nomen) N, som dermed avgjer kva slags ledd det blir, f.eks. eit verbalt

ledd VP eller eit ►nominalt ledd NP (P = eng. *phrase*). Ledda framfor og etter kjernen blir kalla høvesvis spesifikator og komplement.

**ønskesetning:** ►Heilsetning som uttrykker eit ønske, og som bl.a. kan ha finitt verb i *konjunktiv*: *Kongen leve!*